



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Plan- og miljøutvalet	
Sakshandsamar:	Planavdelinga	Christian H. Reinshol
	Arkivnr.: 16/2379	Klassering:

Oppstart av reguleringsarbeid og planprogram for Langøy-Ospeneset akvakulturområde - PlanID 1263-201606

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-8 og 12-9, jf § 4-1, godkjenner plan- og miljøutvalet oppstart av planarbeid for Ospeneset-Langøy akvakulturområde, med tilhøyrande planprogram. Planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker.

.....

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Plan- og miljøutvalet tek stilling til om ein skal godkjenne planprogram for regulering av Ospeneset-Langøy akvakulturområde på høyring og offentleg ettersyn. Om planprogrammet vert sendt på høyring, vil plan- og miljøutvalet få planprogrammet tilbake for endeleg godkjenning etter ein høyringsperiode på 6 veker.

I samband med at plan- og miljøutvalet gjorde positivt vedtak om å starte opp regulering av akvakulturlokalitetane Ospeneset, Langøy og Ådnøy, er det no utarbeidd planprogram med framlegg til utgreiingsbehov for planområdet.

Reguleringsplanen omfattar dei tre akvakulturlokalitetane Ospeneset, Langøy og Ådnøy som ligg i Fensfjorden og Austfjorden og som er sett av til akvakultur i kommuneplanen. I tillegg er sjøområda mellom lokalitetane og naturvernområdet Grøningen teke inn i planområdet. Det er ikkje planlagt

noko endring for områda mellom akvakulturlokalitetane, men det er teke med for å gjere ei heilskapleg vurdering av området.

Per i dag er det drift på lokalitetane Langøy og Ospeneset, som har godkjent produksjonskapasitet på høvesvis 4680 tonn og 3120 tonn. Lokaliteten Ådnøy er det ikkje drift på og det er føremålet med planarbeidet å regulere vekk denne lokaliteten for å kunne auke arealet som er knytt til lokalitetane Ospeneset og Langøy. Overgang frå stålanlegg til plastringanlegg i delar av næringa gjer at det er større behov for areal til anlegga enn det som ofte er sett av i arealplanane i kommunane. Det er ynskje om å regulere areal for inntil 6 ringar inkludert fôrflåte på Ospeneset og areal til 8-10 ringar inkludert fôrflåte på Langøy. Sidan areala som trengs til ny type anlegg er så store, er det ofte utfordrande å dispensere frå arealdelen til kommuneplanen for å få desse på plass. Å utarbeide reguleringsplan vert då eit alternativ om ikkje arealdelen til kommuneplanen er under rullering eller skal rullerast.

Krav om planprogram og konsekvensutgreiing er heimla i forskrift for konsekvensutgreiingar sin § 2 d) som gjeld «områdereguleringar og detaljreguleringer på meir enn 15 dekar, som omfatter nye området til utbyggingsføremål» og § 4 som omfatter planarbeid som kan ha moglege konsekvensar knytt til natur- friluftsliv- og landskapsomsyn og som omdisponerer større områder i kommuneplanen. Planprogrammet skal sikre tidleg medverknad og avklare viktige problemstillingar knytt til området på eit tidleg tidspunkt i planarbeidet. Det fastsette planprogrammet ligg til grunn for utarbeiding av planframlegget med konsekvensutgreiinga (KU). KU skal klargjere verknadane av eit tiltak og at desse vert sett opp i mot andre verdiar, som i sum avgjer om tiltaket skal gjennomførast og kva eventuelle justeringar og avbøtande tiltak som må til for å få gjennomført tiltaket. Planprogrammet viser også planlagt prosess for medverknad og framdrift for prosjektet.

Konsekvensutgreiinga for planen tek utgangspunkt i eit 0-alternativ der dagens situasjon vert vidareført og ingen andre tiltak vert gjennomført. Denne situasjonen er ein målestokk for vurderingane av verknader som følgje av planalternativet som er tenkt. Planalternativet i denne saka er i hovudsak ei utviding av eksisterande akvakulturareal på Ospeneset og Langøy og fjerning av akvakulturarealet ved Ådnøy. Planarbeidet skal synleggjere behovet for akvakulturareal ut frå dei løyvene som ligg føre. Dersom det viser seg at fleire ulike løysingar for utviding kan vere aktuelle, kan fleire planalternativ for det aktuelle området verte utgreidd i konsekvensutgreiinga. Dette vil verte avklart i det vidare planarbeidet. Det vert presisert at alternativa ikkje omfatter auke i produksjonsmengd men skal sjå på tilstrekkeleg areal for dagens løyvde MTB. Ein skal heller ikkje vurdere flytting av lokalitetar til andre område, det er kun utviding på dei områda som er sett av til akvakultur i kommuneplanen som skal vurderast.

Viktige utgreiingstema for området går fram av planprogrammet, og omfattar naturmangfald, friluftsliv og sjø i strandsona, landskap, fiskeri og ferdsle på sjø, samfunnsverknad, tilhøve til anna planlegging og risiko og sårbarhet.

Under tema «naturmangfald» ligg tema naturtypar, gytefelt, naturreservat for sjøfugl, anadrome vassdrag, lakselus, smittsame sjukdommar og andre tema. Ein vil basere utgreiingane på eksisterande grunnlagsmateriale for området og samanstillе denne. Det er vurdert at eksisterande kunnskap truleg er tilstrekkeleg for å gjere naudsynte vurderingar knytt til naturmangfald.

Når det gjeld friluftsliv ligg det regionalt viktig friluftsområde innanfor planområdet, Herøyosen, i tillegg til at området rundt Langøy ligg inne som omsynssone friluftsliv i sjø. Det skal vurderast folkehelseperspektiv og verdi for friluftsliv i områda både på sjø, land og i vassdrag.

Tiltaket sine verknader på landskapet skal vurderast og landskapet sin karakter skal synleggjerast. Verknadar for naboar og nærområde skal skildrast i planframlegget og vil basere seg på eksisterande tilhøve og kunnskap.

Når det gjeld fiskeri og ferdsle på sjø, så er det fleire registrerte kast- og låssettingsplassar i nærleiken av området der bruk av- og tilkomst til desse skal vurderast. Vidare er det registrert gytefelt i området, som må takast omsyn til. Det går bilei forbi Langøy-lokaliteten og det er sett av ankringsområde på Masfjordsida av fjorden. Tilhøve til ferdsle til og frå Mongstad samt anna transport på sjø skal avklarast i planarbeidet. I planarbeidet vil ein sjå på tiltaka sine moglege verknader på dei ulike delane av temaet.

Under samfunnsverknad skal det skildrast kva verdier den aktuelle næringa har for landet og lokale tilhøve innanfor regionen og Hordaland. Korleis tiltaka verkar inn på samfunnet vil verte vurdert i planframlegget. Tilhøvet til nasjonale mål og retningsliner, fylkesplanar, kommuneplanar og andre relevante planar vil også verte kort gjort greie for i planframlegget og det vil vere vurdert i kva grad tiltaket føl opp desse ulike planane og søknadsprosessar opp i mot ulike mynde.

Risiko- og sårbarheit som følgje av tiltaket vil verte vurdert i høve menneskeskapte og naturbaserte hendingar. Sentrale tema for analysa vil vere tilhøve knytt til AK-områda, slik som til dømes ras og skred, ferdsle og ekstremvær. Vidare skal tilhøve for kringliggjande areal vurderast, slik som støy, rømming, smitte til villfisk og ferdsle.

Alle konsekvensar og verknader som er utgreidd for dei ulike tiltaka skal oppsummerast og samanstillast, der det kort vert gjort greie for kvart enkelt tema. Det vert vist i kva grad dei ulike tema og tiltak sikrar måloppnåing i høve nasjonale og overordna målsettingar og korleis dei innfrir prosjektet sine særskilte målsetningar.

Det vert elles lagt opp til ein god medverknadsprosess gjennom planleggingsperioden. Det vil verte avhalde folkemøte om planen når planprogrammet er på høyring, og planen vil elles følgje krava til medverknad som fastsett i plan- og bygningslova.

Vurdering

Det ligg føre planprogram for reguleringsplan for Ospeneset Langøy akvakulturområde som er utarbeidd etter krava i pbl § 4-1. Bakgrunnen for at ein har planprogram for planarbeidet er at ein ynskjer å etablere anlegg med plastringar på dei aktuelle lokalitetane, som er meir arealkrevjande enn meir tradisjonelle stålanlegg. Vidare ynskjer ein også å kunne utnytte fullt ut den tillatne kapasiteten på lokalitetane. Som føringar for arbeidet ligg at akvakulturlokaliteten ved Ådnøy må regulerast vekk, slik at det totale arealet som er sett av i kommuneplan til akvakultur i området ikkje vert utvida nemneverdig.

Administrasjonen har hatt møter med planfremjar i forkant av innlevering av planprogram og søknad om oppstart av planarbeidet. Det har også vore møte med Fylkesmannen i Hordaland der ein har drøfta utfordringar og moglegheiter med planarbeidet. Reguleringsplan for akvakultur i sjø har etter det administrasjonen kjenner til bare vore utarbeidd ein gong tidlegare. Sidan dette i stor grad er nybrottsarbeid i høve tema som bør utgreiast og korleis ein set grensesnitt mellom ulike lovverk som regulerer akvakulturnæringa, vil ein tett dialog også vidare med planfremjar og gjerne også sektormynde truleg vere aktuelt.

Når det gjeld planprogrammet og dei ulike utgreiingstema som er presentert i dette, meiner administrasjonen at planprogrammet tek opp i seg dei viktigaste tematikkane som vil verte gjeldande for planarbeidet under dei ulike temaene. Administrasjonen meiner likevel at tilhøvet til fiskeri som linefiske og tråling nok kunne vore dratt fram som viktige tema innanfor «Fiskeri og ferdsle på sjø». Det same gjeld også aktivitet knytt til baseverksemd og næring elles knytt til Mongstad, der ein gjerne har testing og opplag av skip i Fensfjordbassenget som kan tenkast å ha aktivitetar som kan kome i konflikt med akvakulturnæringa. Dette kan vere både i form av utslepp, men også i høve oppankring og sleping av utstyr som kan kome i konflikt med ankring for anlegget. Administrasjonen meiner likevel at desse temaene skal bli tilstrekkeleg vurdert i planarbeidet slik planprogrammet ligg føre.

Ankersystem er vidare eit tema som blir aktuelt i planarbeidet, då det må vurderast om dette skal visast i kart eller om det er nok at desse vert illustrert. Det er omfattande anlegg og areal som går med til forankring av anlegga, og eit sentralt tema i planarbeidet må vere korleis det vert sikra at desse vert merka inn på kart på ein forsvarleg måte slik at anna aktivitet kan få oversikt over ankringssystem og dei innskrenkingane i aktivitet og aktsemd dette fører med seg.

Vidare meiner administrasjonen at tilhøvet til Storelva med sine førekomstar av aure og andre vassdrag med fordel kunne vore betre trekt betre fram i planprogrammet, men tema er omtala og vil verte drøfta i planframlegget som vert lagt fram seinare i vår.

Oppsummert meiner administrasjonen at framlegget til planprogram for reguleringsplanen tek opp i seg dei mest sentrale problemstillingane som må utgreiast for ei eventuell utviding av akvakulturområda Ospeneset og Langøy. Det vert tilrådd at ein får varsle oppstart av planarbeidet og at planprogrammet vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

.....

Vedlagte saksdokument:

Langøy – Ospeneset akvakulturområde. Innsending av planprogram - planID: 1263-201606	151326	11.02.2017
Plangrense 07.02.2017	151329	11.02.2017
Planprogram. Langøy-Ospeneset akvakulturområde. 07.02.2017.	151327	11.02.2017

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost